

Først av alt så vil eg sei at det er svært prisverdig at det nå blir gjort tiltak for å betre forholda for villreinen gjennom både ei stortingsmelding og kvalitetsnorma. Eg er og veldig glad for at dei små villreinstammene nå er komne inn i "varmen", og får bli med i arbeidet med kvalitetsnorma. Men skal me klare å ta vare på villreinen så nyttar det ikkje berre med planar og gode ord. Skal villreinen få betre levekår så MÅ planane fylgjast opp med konkret handling handling i dei enkelte villreinområda.

- Som første punkt har eg sett opp samarbeid med grunneigarar og rettigheitshaverar. Det er samla enormt med kompetanse om villrein og villreinjakt ute hjå jegrar og grunneigarar, og utan eit tett samarbeid mellom alle deler av forvaltninga og grunneigarane, så trur ikkje eg at me får til ei vellukka forvaltning. Lokal forankring er essensielt sa statsekretären.
- 
- Når ein les om bakgrunnen for at ein vil lage ei stortingsmelding, så blir det meste av truslane for reinen lista opp, og er kjende, men eg går likevel gjennom nokre av dei truslane eg meiner ein bør ta tak i.
- 
- Hyttebygging inn i randsonane for leveområda til reinen må stoppast. Mykje folk kjem lenger og lenger inn i villreinen sitt rike, og reinen blir pressa i alle retningar. Vidare utbygging av hytter i randsonane må stoppast, eller i alle fall begrensast til fortetting i allerede utbygde områder. Eit slikt tiltak vil også høve godt med Norges nylege forpliktingar om å ta vare på meir natur.
- 
- Vegbygging inn i desse områda må stoppast, enten det er i samband med landbruk, hytter eller kraftutbyggingar. Vegane genererer mykje meir folk inn i villreinområda, og blir til barrierar for reinen.
- 
- Likt som vegar ser eg på gondolar inn mot leveområda for rein. Det er ikkje ein menneskerett å kunna ta gondol til ein mengde fjelltoppar rundt om i landet.
- 
- Rovdyr er eit anna tema. Dette er kansje eit større problem for dei små stammene av reinsdyr rundt om i landet, enn for dei store flokkane. Nå fekk me seinast i går konstatert at det er jerv like i nærliken av dyra som går i Skaulenområdet. Det seier seg sjølv at at ein jerv kan gjera næraust ubotleg skade på ein flokk som berre tel 40 dyr, og som allerede er på eit kritisk nivå. Både kongeørn og havørn utgjer også ein stor trussel for desse få dyra. I dette området skal det ikkje vera jerv, og det må leggjast ned eit arbeid for å ta ut jerv i dei områda den ikkje skal vera.
- 
- Det er eit vell av meir og mindre organiserte turar inn i villreinområda. Eg er usikker på i kor stor grad kommunar og, eller grunneigarar kan styre denne trafikken. Etter mitt syn bør det vera mulig for både kommunar og grunneiarar å styre denne type trafikk i periodar av året.
- Til sist, men ikkje minst, så har eg eit punkt som går på økonomi. Nokre av villreinområda har nok grei økonomi, men for dei små villreinområda så er det ikkje penger til å følgje opp dette arbeidet. Skal arbeidet med kvalitetsnormen bli vellukka for alle villreinområda så må det følge penger med. I småområda som eg representerer er me heilt avhengige av lokale frivillige ressurspersonar til å skaffe dei nødvendige opplysningane, men det seier seg sjølv at det er begrensa kor mykje desse kan gjera av ulønna arbeid.

Vennleg helsing

Best regards

Ivar Tangeraas

